

Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følgje prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.

Namn på skulen: Olsvikåsen vgs

Tal elevar skuleåret 2015/16: 526

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått
Andel stryk og IV
Gjennomsnittleg fråvær
Andel sluttarar

1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	84.3 %
2015/16	90.2 %

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	9.62 %	7.69 %
	2015/16	6.49 %	7.74 %
Standpunkt	2014/15	6.48 %	2.59 %
	2015/16	4.11 %	1.73 %
Eksamen	2014/15	10.30 %	
	2015/16	10.57 % (5.19 %)	

1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

2014/15	timar	23.98
	dagar	10.76
2015/16	timar	19.55
	dagar	11.41

1.4 Andel sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)

2014/15	2.2 %
2015/16	5.7 %

1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17***Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?***

Det skjer i hovudsak ei positiv utvikling på skulen. Skuleåret 2015-16 har 90.2 % av elevane bestått til T2/standpunkt, men tala endra seg når eksamensresultata er komne med.

Gjennomførings-prosentsen for alle klassar til T2/S og eksamen, syner ein svak tilbakegong frå året før, og i år er det 83.9 % som fullfører mot førre skuleår da talet var 84.3 %, mens det i 2013-14 var 77.9 % som fullførte (usikker på om alternativ plan var med i tala). Tala kjem fram i PULS, og vi legg til grunn ein oversikt der elevar på alternativ plan er utelatt. Vi kan sjå at skulen oppnår betre resultat på gjennomføring frå år til år på T2/S, og at vi fekk sær gode resultat på ST med 94.3 % fullføring før eksamensresultatet kom. På yrkesfag er vi komne opp i 85.2 % fullføring, som og er eit for oss sær godt resultat før eksamen.

Resultat etter at eksamen er kome med syner at 86.6 % består på ST, 84.1 % består på yrkesfag og 57.6% består på påbygg.

Det er same tendens på alle resultat. For elevar som får 1 og IV er det framgang både når ein ser på tala som kjem fram under T1 og T2/S. Delen av elevar med karakter 1 til T2/S er no nede i 4.11 % og karakter IV er nede i 1.73 % for T2/S. I 2014/15 var dei same tala 6.48 % og 2.59 %. Dette er ein klår framgang for gjennomføringa på skulen.

Vi ser ein tydeleg tendens med markante betringar i resultatata til elevane før eksamen gjennom dei siste åra og at ST har den beste gjennomføringa, mens yrkesfag ligg noko bak, men likevel med sær gode resultat. Påbyggsklassen hadde ei god gjennomføring på T2/S, men oppnådde svake resultat på eksamen i norsk hovudmål, noe som trakk ned gjennomføringsprosenten for skulen frå 90.2 til 83.9 %. For dei andre vg3 klassane var resultatata betre på T2/S enn året før.

Eksamensresultata for skulen totalt sett var svakare i år samanlikna med fjoråret. Samstundes kan vi observera at i nokre fag vart det ei opphoping av svake resultat som trekk snittet ned. Norsk hovudmål, S2 og R2 trakk resultatet for skulen ned med til saman 11 elevar som ikkje besto til eksamen. Totalt var det 10.57 % (PULS) (våre tal: 5.19 %) av elevane som strauk til eksamen no i år, fordelt på skriftleg, munnleg og tverrfagleg eksamen, og då er vi på anten same nivå som førre skuleår eller betre.

For 2 år sidan var påbyggsklassen best på resultat i norsk hovudmål, men no er dette snudd slik at dei i år fekk den høgaste strykprosenten til eksamen i dette faget. Dette er det grunn til å sjå nærare på. Elevgrunlaget vil alltid endre seg frå år til år, men vi må sjå korleis elevane bruker skulekvardagen til å lære. Dette året har det nok vore utfordringar knytt til høgt fråvær hos mange elevar, noko som kan påverke det endelege resultatet, og kor vi på systemnivå må finne ut korleis vi kan gripe fatt i det.

Det er ein tendens at ei gruppe elevar stryk i eitt eller to fag til eksamen, dette er noko vi bør sjå nærare på. Vi ser at fleire elevar ikkje er godt nok røynd til eksamen. Dei held ikkje ut tida, går frå eksamen etter kort tid og gjer ikkje sitt beste for å bestå. Dette må vi gripe fatt i og vi må førebu elevane mykje meir på å yte sitt beste når det verkeleg gjeld. Eit eksempel er elevane som strauk i hovudmål i påbyggingsklassen kor vi observerte at dei gjekk tidleg frå eksamen. Resultata frå klagebehandlinga er enno ikkje klare og kan endre noko på resultat.

Det som kjem fram i forhold til det totale billete er difor at talet på elevar som ikkje har bestått til eksamen er ganske konstant med 10.3 % førre år og 10.57 % no i år, eller ei betring til 5.19 %. Talet 10.57 % kan og inkludere elevar som har gått opp til ny eksamen i haust og som ikkje besto. Dette vil gjere talet meir forståeleg.

På yrkesfag er det oppnådd gode resultat dette året. Det var berre 2.5 % av elevane som

ikkje besto tverrfagleg eksamen. Dette er eit positivt resultat vi er godt nøgd med. Hovudtendensen er difor positiv. Det er ein klår tendens til auka gjennomføring gjennom skuleåret. Det blir gjort eit omfattande arbeid undervegs i året av lærarane for å motivera og sette av tid til dei elevane som slit og som lett fell utanfor. Dette har nok påverka resultatata positivt.

Skulen har ei rekkje tiltak vi set inn gjennom året som vi trur påverkar resultatet. Dei nye læringsarenaene fagsuppe og fagsnacks som no og er utvida med tilbod om eksamensforberedande kurs, er blitt godt motteke og vi ser at det er stadig fleire elevar som deltek på desse arenaene. Samtidig blir studieverkstaden vidareført med tilbod til dei som treng tettare oppfølging i mindre grupper, og oppsamlingsprøver annakvar veke for dei som ikkje har fått høve til å framstille seg for vurdering på grunn av sjukdom. Skulen har dei 2 siste åra satsa på å ikkje ha samanslegne klassar på yrkesfag, noko elevane er godt nøgd med.

Det kjem fram at elevane vi har her på Olsvikåsen vgs har lågare snittkarakterar på alle programområder ved inntak frå ungdomskulen. Ved utgangen av skuleåret er desse ulikskapane utjamna, noko vi ser er positivt. Tett oppfølging av læringsmiljøet i klassen over tid, mellom anna i klassens time, trur vi er med på å bidra til dei gode resultatata.

Når det gjeld fråværet har det og gått ned, men det er framleis for høgt og her har vi absolutt eit potensiale for å bli betre. Sjølv om vi bruker mobilskule og sender ut SMS til elevar som ikkje melder frå om sjukdom når dei ikkje kjem, er det mange elevar som har høgt timefråvær og høgt dag fråvær. Dei alternative læringsarenaene som er kopla til eit flexitidsystem utgjer omlag eit elevårsverk til saman. Elevane kan ikkje trekkje frå alt fråvær, men det som fell inn under 10-dagers regelen, og det trekk det totale fråværet ned, så dette er positivt.

Neste år har vi planlagt å leggje inn meir ressursar i fråværsoppfølginga, særleg med tanke på dei nye fråværsreglane. Det er lagt inn ekstra rådgjevarressurs og som ein del av den er ein del øyremerka til fråværsoppfølging. Vi har og ein avtale med PPT om å få i gong eit fråværs-oppfølgingsprosjekt saman, mogleg innafor VIP-makkerskap, som vi har stor tru på.

Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

Skulen har arbeid mykje med overgangar. Skulen startar alltid opp med ei skulestartveke med eit eige program for å legge til rette for eit godt læringsmiljø gjennom det nye skuleåret. Innhald er nemnt for Opplæringsavdelinga tidlegare, men består i 2 dagar med startsamtaler med kontaktlærar, foreldremøte, kartlegging i norsk, engelsk og matematikk. Det er og lagt inn eit sosialt program med MOT, fadderaktivitetar i regi av elevråd og ekstra tid med kontaktlærarar.

Det mest omfattande programmet er for Vg1 elevane, og nytt no til skulestart 2016 er at det for fyrste gong vil bli arrangert eit oppstartskurs i matematikk for dei nye vg1 elevane som ynskjer det. Vg2 og vg3 klassane har og eit eige oppstartsprogram med startsamtaler og mykje tid med kontaktlærar for å få til ein god motivasjon for skuleåret. Det sosiale programmet og MOT programmet har same omfang for alle klassar og skal legge grunnlag for ein god start.

Denne oppstartsveka har skulen gjennomført i fleire år og med sær gode erfaringar. Foreldre, elevar og lærarar har alle gitt gode tilbakemeldingar på at denne veka gjer at elevar føler seg godt ivaretekne, vi blir godt budd på skuleåret og på dei tilretteleggingane vi må gjere, og vi får ein effektiv start fordi vi har eit godt dokumentert grunnlag for å legge til rette for læring frå fyrste dag.

Det blir gjennomført basisteammøte for alle klassar allereie fyrste veka kor lærarane blir godt førebudd på dei elevutfordringane vi vil møte gjennom det nye skuleåret

Det skjer og mykje i forkant av skuleåret. Skulen har mellom anna samarbeid og samlingar med rådgjevararar frå alle ungdomskulane i region Vest for å sikre gode val for elevar som skal inn i vgs. Skulen deltek og i MOT nettverk på koordinatør og rektornivå. Elevinspektør har ansvar for å arrangere utprøving/open dag for å sikre at elevane gjer kvalifiserte val, og det er obligatoriske overføringsmøte for elevar som kjem inn med særinntaket. I starten av skuleåret er det og intern kompetanseoverføring mellom trinna for å få ei god tilrettelegging. Alle desse tiltaka blir gjennomført årleg, og sikrar at vi gjer overgangane mindre sårbare. For nokre avdelingar er det tett samarbeid med praksisfeltet, noko som gjeld HO/ DH og også tilrettelagt avdeling og innføringsklassen kor det er naudsynt å sikre gode overgangar til praksis.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Skulen har ei auking i talet på sluttarar frå 2.2 % til 5.7 %. Aukinga har gjort oss bekymra dette skuleåret. Det er i mange høve sett inn tiltak, men vi ser at psykiske lidningar og skulevegning er kome inn som aktuelle utfordrande aspekt. Mange elevar vel og å slutte seint i skuleåret, noko som i seg sjølv er ei utfordring, men det ligg gjerne mykje historikk bak desse sluttarane som vel å slutte av ulike årsakar. Den største gruppa sluttarar er dei som har slutta av personlege årsaker/sjukdom. Dette gjeld no 15 elevar, eit særst høgt tal. Feilval er den andre store gruppa, der det er 5 elevar som har gitt denne grunngivinga. Vi kjenner ganske godt til dei elevane som blir sluttare, og vi veit at mange av dei har ein god grunn for å gje seg, men likeeins har vi eit mål om å få fleire av desse til å bli i skulen. Av den grunn har vi valt å auke rådgjevarressursen med særleg vekt på fråværesoppfølginga. Det blir starta opp eit pilotprosjekt for å prøve å få tidleg kontroll på elevar som står i fare for å felle ut, og det skal bli spanande å fylgje med på korleis dette tiltaket vil slå ut. Skulen kjem og til å arbeide meir med utanforskap.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

For skulen betyr det at vi må halde fram med dei tiltaka vi har starta opp. Samstundes må vi leggje inn meir ressursar i oppfølging av fråvær, arbeide meir med psykisk helse, skulevegning og læringsmiljø for å betre forstå korleis elevar kan få ein god og tryggare oppleving av skulekvardagen. Dette er prosjekt vi har planlagt, til dels saman med PPT og med ein ny rådgjevar som vil gå djupare inn i fråværesproblematikken. Dette vil få særleg fokus neste år.

2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16

2.1 Vurdering for læring

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:

Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Skulen har hatt vurdering for læring som hovudsatsingsområde i utviklingsplanen i

inneverande skuleår. Det har vore arbeidd grundig med å nå dei mål som er sett, og alle avdelingane har arbeidd ut frå sine utfordringar, men med same innhald. Skulen har hatt tilsyn dette året, og vi har arbeidd med å styrkje skulen sin vurderingspraksis ut frå reglar og forskrift i Opplæringsloven. Det har spesielt vore fokus på å styrkje dialogen med elevane i forhold til framovermeldingar, undervegsvurderingar, fagsamtalar og eigenvurderingar.

I siste elevundersøkinga scorar skulen noko betre på vurdering for læring no samanlikna med førre måling, men ligg framleis på gul. Det er på eigenvurdering den dårlegaste scoren kjem fram, med ein særst svak score på 2.96. Gjennom undervisningsevalueringa kjem det og fram på systemnivå at elevar ynskjer å få tydelegare tilbakemeldingar i mange fag. Dette må vi som skule gripe fatt i og sidan skulen og fekk avvik på eigenvurdering har det vore satt av tid til å arbeide fram gode opplegg for å styrkje praksisen vår rundt eigenvurderingsarbeidet. Dette blei og tatt opp i skolebesøk og vil bli fulgt opp vidare på neste skolebesøk. Eit positivt unntak er tilrettelagt avdeling som har ein særst god praksis på eigenvurdering kor elevar blir fulgt tett opp med samtalar anna kvar veke. Det same gjeld HO som var ein del av tilsynet og som kunne dokumentera ein spanande praksis på eigenvurdering.

Det positive er og at vi som skule no er blitt mykje meir fokusert på korleis vi kan styrke eigen praksis ved å få elevane til å jobbe meir systematisk med eigenvurdering. Med dei gode resultatane skulen har på gjennomføring trur vi mange elevar får gode tilbakemeldingar av faglærarane som dei kan nytte for å bli betre i faga, men vi ynskjer å bli tydelegare og ser at det framleis er eit potensiale for det.

2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»

Utfordringar:

Skulen har i hovudsak ein god praksis på vurdering, men har dette året likevel valt ut vurdering som det viktigaste utviklingsområdet. På elevundersøkinga kjem det fram at vi har eit potensiale vi ynskjer å fylle, og eigenvurdering er eit område skulen absolutt må styrke.

Likeeins har vi eit potensiale for å bli betre på tilbakemeldingskulturen på skulen. Utfordringane er knytt til å få alle lærarar til å føle seg like mykje forplikta til å arbeide ut frå ein felles plattform kor elevane er godt ivareteke, der dei føler seg sett av lærar og kor dei får dei gode vurderingane dei treng for å bli betre i faga. Skulen har gjennom arbeidet med tilsyn brukt mykje tid på å få til ei felles tenking og ein felles praksis som elevane kan dra nytte av.

2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

2.2.1.Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Vi har eit relativt ungt og IKT-kyndig personale, samt elevar med høg digital kompetanse gjennom elevsuperbrukarordninga (sjå under). Dette skuleåret har òg fleire lærarar fått ressurs for å utvikle læringsprosjekt knytt til IKT: Bruk av iAnnotate retteprogram på ipad i språkfag. Læraren som har fått ressurs for dette prosjektet har leia ei gruppe lærarar som prøver det ut. Programmet har vore brukt i varierende grad av lærarane, men dei som har brukt det jamleg er fornøgd. Dette prosjektet fortset neste skuleår. Læraren som har fått ressurs har brukt fellesmøtetid til å spreie røynslene sine med resten av kollegiet. På avdeling for Kvardagsliv, tilrettelagt, prøver lærarane ut bruk av ipad til bruk i kommunikasjon og informasjonsdeling. Lærarane har gode røynsler med dette og fortset arbeidet også neste skuleår. Bruk av pulsbelte i kroppsøving har fungert bra og har gjort det lettare å tilretteleggje faget for enkeltelvar. Dette prosjektet har òg vore presentert for kollegiet på fellesmøte. I tillegg har IKT-konsulenten ved skulen hatt prosjektet «Trygg på data» kor både lærarar og elevar har blitt kursa i IT-sikkerheit. Elevsuperbrukerane har alle prøvd ut Chromebooks. Elevane kjem med sær gode tilbakemeldingar på bruken av Chromebooks, og ønskjer å fortsette å bruke dei neste skuleår. Vi har òg hatt kurs i Textpilot for alle interesserte lærarar slik at dei kan hjelpe elevar som brukar programmet. Vi ser at dette har vore gjort i varierende grad.

Elevsuperbrukarordninga vi starta for snart fire år sidan har blitt utvikla vidare, og dei har hatt fire samlingar i løpet av skuleåret. Tema har blant anna vore korleis ta vare på PC, skylagring/samskriving mm. i G-skole, Google Classroom, GAFE, lagre artiklar i Pocket. Ettersom frammøtet var labert for Vg2 og Vg3 i fjor, valde vi å konsentrere oss om Vg1 i år og la superbrukarordninga vere frivillig for dei to andre trinna. Oppmøtet frå Vg1-elevane har stort sett vore bra, men varierer frå klasse til klasse. Dei som har vore med på kursa opplever å lære mykje sjølv og seier at klassen òg er nøgd med å få opplæring i ulike verktøy som er nyttige i læringsarbeidet. Dei ynskjer derimot ikkje å fungere som teknisk support for medelevane sine når dei får problem med eigen PC. To av elevsuperbrukerane var òg med e-koordinator og ikt-konsulent på Dei gode døma. Her fortalde dei om erfaringane med elevsuperbrukarordninga saman med ei gruppe frå Fyllingsdalen vgs. I tillegg hadde ikt-konsulenten saman med andre ikt-konsulentar i fylket ein presentasjon av trådlause løysingar og bruk av Chromebooks.

IKT-gruppa ved skulen har bestått av fire personar som har leia arbeidet med dei digitale måla i utviklingsplanen. Ved skulestart vart det gjennomført ei kartlegging av digital grunnkompetanse for lærarar. Superbrukaren og e-koordinatoren har systematisk følgd opp denne ved å gi ein-til-ein kursing. og oppfølging av dei lærarane som har meldt frå om behov for opplæring. I tillegg har det vore arrangert IKT-kurs i fellesmøtetida. Hovudfokuset i år har vore å få fleire lærarar til å bruke g-skole og GAFE. Enkelte lærarar har òg tatt i bruk Google Classroom. Dette arbeidet ønskjer vi å fortsetje med. Til neste år vil det òg vere fire personar i IKT-gruppa. I staden for å ha ein superbrukar og ein e-koordinator, har vi til neste år to e-koordinatorar, i tillegg til IKT-konsulent og leiars med IKT-ansvar.

2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

Utfordringar:

Neste skuleår ynskjer vi å bruke meir tid på IKT-opplæring for lærarar. Vi har berre hatt eitt fellesmøte med parallelle IKT-kurs dette skuleåret. Det ønskjer vi å utvide neste skuleår. Vi vil òg ha «digitale minutt», 10-15 minutt med tips til pedagogiske verktøy kvar eller annakvar veke i fellesmøtetida. Når skulen startar i august, har vi kvart år eit eige skulestartprogram. Til hausten vil vi gjennomføre to ulike IKT-kurs for alle elevar den første skuleveka kor vi blant anna vil gå gjennom endringane i its Learning.

Kartlegginga av digital grunnkompetanse for lærarar ved skulestart vil gå føre seg som tidlegare, og e-koordinatorane vil stå for oppfølginga av denne med ein-til-ein-kursing som før. Vi ynskjer også å gje ei startopplæringspakke til nye tilsette lærarar allereie første skuleveka.

Når det gjeld Textpilot vil den nye rådgjevaren få ein ressurs for å vere superbrukar i dette programmet. Vi ønskjer i første omgang at ho skal hjelpe elevar med lese -og skriveanskar å bruke programmet i størst mogeleg grad. I tillegg ønskjer vi på sikt å lære opp alle Vg1-elevar i den grunnleggande versjonen av programmet, då vi ser at det kan vere til nytte for alle elevar.

Til neste år tenker vi at elevar på alle trinn skal vere med i elevsuperbrukarordninga. Det gjer det lettare å vidareføre opplæringa, blant anna i g-skole.

2.3 Klasseleing

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.3.1 Vurdering av «klasseleing»:

Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

I elevundersøkinga får lærarane grøn score på «støtte frå lærarane», same som førre skuleår. Skulen har i fleire år fått raudt på arbeidsro, men er no kome over på gul score. Elevdemokrati og medverknad får gul score, det same gjeld for felles reglar. Skulen scorar grønt på trivsel. På læringskultur har vi betre score enn førre måling og gode tall. På alle område har skulen betre eller same score som førre skuleår, men vi har framleis eit potensiale for vekst. Motivasjon får raud score, men endringa frå førre år er marginal. Likevel er dette noko vi er opptekne av og som vi har som mål å endre. Dette er og teke opp som ei problemstilling i skulebesøket i no i mai.

Skulen har satsa mykje på klasseleing dei siste åra med utvikling av lokale styringsdokument og eit eige OU dokument. Dette skuleåret har kjenneteikn på «den gode elev» blitt utarbeida av lærarar og elevar. Samstundes er det satsa mykje på elevdemokrati. Klassens time er i stadig utvikling med fokus på innhald i timen. Elevane er særst nøgde med å ha klassens time, og elevråd er saman med leinga engasjert i korleis klassens time kan nyttast endå betre. No er det og fokus frå lærarane på at denne timen framover kan nyttast til å få opp engasjementet kring eigenvurdering og fråversoppfølging.

Lærarane er framleis i gong med kollegarettleing og meiner det er noko vi bør ha fokus på vidare. Dei opplever dette som nyttig og det blir sett av tid i fellesmøtetida til å halde fram med dette.

Fråværsoppfylginga har vore god totalt sett, men dette området har vi no tenkt å arbeide enda meir med neste skuleår. Dette er no forberedt på systemnivå slik det kjem fram under første punkt, og då er det særleg kontaktlærar og faglærarane som vil vere målgruppa. Skulens praksis med innrapportering av 1 og IV 4 gonger årleg har god effekt. Tala på IV har falle dramatisk og det er blitt eit heilt anna fokus på dei elevane som ikkje framstiller seg for vurdering i fag. Talet på einarar har og hatt ein positiv effekt ved at desse elevane får tett oppfølging av rådgjevar og faglærarar frå eit tidleg tidspunkt. Innrapporteringa av tala før eksamen var særst gode, men eksamensgjennomføringa har drege ned skulen sitt samla resultat.

På tilrettelagt avdeling blir det og arbeid med klasseleiing og fråværsoppfylging, og elevane blir særst godt fylgt opp i faga og på sosial kompetanse. Tydelege rammer gjer dei meir bevisst og den tette tilbakemeldingskulturen gjer at særst mange elevar oppnår ein kompetanse som er attraktiv i arbeidslivet. Mange kan gå rett til eit arbeid etter at dei har fullført utdanninga si.

2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

Utfordringar:

Klasseleiing ligg framleis i utviklingsplanen for neste skuleår. Utfordringa er å styrke resultatane både når det gjeld motivasjon, innsats og fråvær. Dette er dei same områda som vi har arbeid med heile dette året og det viser bare at det tar tid å få gode resultat. Gode resultat og eit godt læringsmiljø heng saman med god struktur, god innsats og god deltaking. Både lærarar og elevråd deltek aktivt i prosessen for korleis vi kan styrke læringsutbyttet. Det er viktig at dei lokale styringsdokument som skal ligge til grunn for skulens praksis blir ein del av praksisutviklinga.

Neste skuleår planlegg vi å bruke meir tid på kontaktlærarforum for å styrke den kollektive praksisen for alle programområde. Kontaktlærarforum er eit godt forum for å få til breie diskusjonar rundt tiltak vi må gjere for å lukkast. Det er og eit verktøy for oss for å halde fokus på ønska praksis.

Samstundes ynskjer leiinga å starte opp med skulevandring i løpet av neste skuleår. Vi har vurdert at det kan vere eit godt tiltak for å styrke nokre delar av klasseleiinga. Vi skal bli kursa i dette før vi startar opp, for å sikre vår eigen profesjonalitet i dette arbeidet og vi trur dette kan bli eit viktig supplement til dei andre tiltaka vi gjer. Gjennom høgt fokus vil vi arbeide for å skape varige endringar når det gjeld klasseleiing og har difor høg prioritet på dette temaet vidare.

3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket

Skulen har dette året hatt eit omfattande tilsyn som har kravd mykje tid og fokus. I dette arbeidet har det kome fram einskildområde som har kravd stor innsats. Vurdering har vore eit av dei sentrale tema i tilsynet, og det kom fram at nokre lærarar opplever det som særst tidkrevjande å ta i bruk eigenvurdering i det omfang som ligg i krava i Opplæringslova, og det synast og som om dei heller ikkje heilt er klår over kor formålstenleg denne vurderingsforma er. Vurdering og eigenvurdering har og vore hovudsatsingsområde i utviklingsplanen og utviklingsarbeidet dette skuleåret, og då med særleg vekt på eigenvurdering som eit

satsingsområde for å styrke elevane sin motivasjon og deltaking.

Skulen har tatt inn over seg at eigenvurdering er eit område vi treng å styrke og det er satt av tid til å arbeide fram ein betre praksis. I det arbeidet som har vore lagt ned på avdelingane og i fellesmøtetida, samt på ein halv planleggingsdag, har det kome fram ei rekkje nye satsingstiltak knytt til eigenvurdering. Vi har lagt vekt på deling av gode døme på kva en god eigenvurderingspraksis betyr og har og eit ege OLV –døme område digitalt. Mål for heile dette arbeidet er å få elevane meir inn i eigenvurderings-diskusjonane, slik at dei er meir bevisst korleis dei skal arbeide for å oppnå framgang og ynskja resultat. Skulens praksis har til no samla vore for smal. No ynskjer vi å arbeide med ei rekkje nye tiltak og ein auka bevisstgjerjing for å oppnå eit betre engasjement og ei betre deltaking hos elevane. Skulen vil ha eit ekstra stort fokus neste skuleår for å sikre at alle dei planane som no er laga og som vi til dels har starta opp med skal bli lagt inn i ein eigenvurderingsplan i dei einskilde faga ved skulestart. Dette trur vi vil sikre ein god struktur.

3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

Arbeidet med eigenvurdering har gitt både lærarar og leiing auka refleksjon knytt til intensjonen bak eigenvurdering og kva som er målet ved å ta i bruk denne metodikken. Som skule har vi fått eit tydelegare metaperspektiv på kva som ligg til grunn for dette arbeidet.

3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Tiltaket har vore fylgt opp både som hovudtema i utviklingsplanen og knytt til arbeidet med tilsynet. Alle avdelingar har arbeidd med dette tema ut frå eit felles mål, men det har vore arbeid noko ulikt frå avdeling til avdeling. Tema blei og hovudtema på planleggingsdagen 18.mai og i det årlege skulebesøket 23. mai. Sidan eigenvurdering blei vurdert som eit avvik i tilsynet har det fått særst stort fokus i leiargruppa. Vi har hatt dette tema på agendaen gjennom heile året. I haust arbeide vi med å styrke eigenvurderinga, og etter at vi fekk avviket konstantert, har vi arbeidd med å lukke avviket ved å få fram ein ny og betre praksis i alle programområda.

3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

Vi ser at eigenvurdering har fått eit heilt nytt fokus på skulen no. Diskusjonar, tiltak, arbeid på fagnivå syner stort engasjement for å få til ein betre praksis i klasserommet. Lærarane har tatt dette arbeidet alvorleg og det er kome ei rekkje forslag til endringar, nokre er allereie sett i gong. Gjennom arbeidet ser vi og at delingskulturen er styrka ved at mange lærarar bidreg med gode opplegg.

3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

Skulen planlegg å arbeide vidare med full styrke med vurdering/eigenvurdering neste skuleår. Eigenvurdering som tema vil få høg fokus når planar skal utarbeides for å sikre at dette får høg prioritet gjennom skuleåret. Avdelingsleiarane vil følgje tett opp alle tiltaka som er planlagt å få i gang, og det vil bli lagt til rette for å dele erfaringar i felles møtetid. Tema vil og bli tatt opp i neste skulebesøk, dette for å sikre at arbeidet blir gjennomført etter intensjonane.

4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

Skulen hadde og tilsyn på skulebasert vurdering, og vi har fått bekrefte at vi har ein god praksis med å ta opp alle delar av skulens tilstandsvurdering i dialog med personalet. Det blir satt av mykje tid til felles utviklingsarbeid gjennom skuleåret og målet er å få til ein felles praksis på alle viktige område. Dette skuleåret har mykje handla om tilsynet av elevane sitt læringsutbytte og den skulebaserte vurderinga. Det har vore god forankring på utviklingsplan, det nye styringsdokumentet, lokale styringsdokument og på dei resultat som kjem undervegs ved innrapporteringar. Personalet er likeverdige i å kome med innspel til vidare utviklingstiltak og dei er med og evaluerer dei tiltaka som er sett i gong. Saman besluttar vi kor vegen går vidare.

Det er stor semje i personalet om kor vi skal og korleis vi skal kome dit.

4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Alle prosesser blir gjennomført på ein forpliktande måte. Alle får uttale seg når slutningar blir fatta, og det er botn-topp tenking som blir lagt til grunn frå leiinga.

4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Dette sikrar vi ved å gjennomføre gode prosessar kor heile det pedagogiske personalet blir tatt med. Dette arbeidet går føre seg både på avdelingsnivå og i felles møtetid.

Organisasjonane er og kome aktivt med i planlegging av innhald på planleggingsdagar, og i forslag til nye utviklingsområde for skulen. Elevråd er og aktivt med i å kome med forslag til tiltak retta mot elevar og læringsmiljø.

4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Skulen har høgt fokus på elevmedverknad og elevdemokrati. Vi har eit særst aktivt og engasjert elevrådestyre som vi samarbeider med på mange felt. Elevrådet deltek i ei rekkje aktivitetar, som utarbeiding av lokale styringsdokument (i år har det vore den gode elev), elevrådestyre møter til ein felles lunsj annakvar veke med leiargruppa, dei tek medansvar for klassens time og midttimen som ligg på timeplan kvar veke. Dei er og aktive i EO. Dei er såleis ein viktig ressurs på skulen som vi drar nytte av i mange ulike høve.

4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Det er mykje bra som skjer på skulen. Det er mange som dreg i same retning, som har høge mål og som ynskjer å få til gode prosessar kring elevane sitt læringsutbytte. Det er likevel ei utfordring å få alle til å trekke i same retning i alle saker. Sjølv om alle legg inn det lille ekstra vil likevel resultat i nokre høve la vente på seg fordi det er prosessorientert.

Det er og krevjande å halde trykket oppe over tid i mange saker samstundes. Vi prøver difor no å halde oppe trykket på same sak over tid til vi ser at praksis er god nok og godt nok innarbeida. Samstundes må vi sikre at alle har eigarforhold til saken. Ved å etablere gode relasjonar, bruke nok tid, legge til rette for gode strukturar, vil det sikre gode prosessar som igjen kan gje dei resultat vi ynskjer på sikt.

5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare

5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?

Det nye styringsdokumentet er behandla i fellesmøte og på avdelingane. Elevrådet har og hatt dokumentet til behandling. Det er godt motteke av lærarane og elevane og vi har brukt tid på å finne ut korleis vi kan trekke innhaldet i styringsdokumentet inn i utviklingsplanen for neste skuleår og elles i utviklingsarbeidet.

I utviklingsplanen vil vi trekke inn utanforskap, særleg fordi vi ser at nokre elevar er plaga av skulevegning. Utanforskap kan lett auke talet på elevar som blir sluttare og eit inkluderande og trivelig klassemiljø og læringsmiljø er ein føresetnad for læringstrykk og arbeidsglede.